



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 28.01.2015

---

**Sak nr.:** 14/7028-6

**Internt l.nr.** 3705/15

**Sak:** 5/15

**Tittel:** Utkast til ny postlov - fråsegn

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane går imot å innføre EU sitt tredje postdirektiv i norsk lov og går difor imot framlegget til ny postlov.
2. Ny postlov vil få store negative konsekvensar for posttenestene på Vestlandet og i Sogn og Fjordane. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fryktar at ny lova vil gjere det vanskelegare å behalde den næringslivs- og busettingsstrukturen vi har i dag.
3. Dersom postlova likevel skulle bli vedteken, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gå inn for postombering 6 dagar i veka med ombering av aviser på laurdag (alternativ 1). Formidling av førehandsrøyster siste helg før lokal- og stortingsval må uansett sikrast dersom lova skulle bli vedteken.
4. Val av leveringspliktig tenesteytar må skje gjennom direkteutpeiking.

**Endringsframlegg:**

**Høgre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane legg til grunn at gode posttenester kan sikrast også med ny postlov.

Det må vera postombering av aviser også på laurdagar.

Formidling av førehandsrøyster siste helg før lokal- og stortingsval må uansett sikrast.

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg som tillegg til punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Særleg vil vi peike på

a. LAURDAGSPOST

Det må vere ombering av post på laurdagar, slik at både lokalaviser og riksaviser kan kome fram til alle abonnentar.

Det må også sikrest ei ordning for sending av biologisk materiale frå legekontor til laboratorium.

Det samme med medisin frå apotek til forbrukar. Om ikkje dette blir gjort, stenger ein i realiteten livsviktige tenester i distrikta frå torsdag til mandag.

b. "ENHETSPORTO"

Høyringsframlegget legg berre opp til lik porto i heile landet for enkeltsendingar under 50 gram.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane krev at enhetsporto også skal gjelde for masseutsendingar. Det

vil vere viktig for både offentleg og privat verksemd. Bortfall av lik porto for masseutsendingar vil vere klart konkurransevidande til fordel for byane/sentrale strom, der det vil vere marknad for konkurranse.

Slik vi les høyringsuttalen er det heller ikkje lagt opp til å nekte konkurranse på enkeltsendingar under 50 gram, noko som i realiteten vil føre til at bestemt porto for denne tenesta vil fungere som ein makspris.

#### c. POSTOMBÆRING

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner det er feil å sette grensa for unntak for postombæring til tre faste heilårsbustader og/eller næringsverksemdar i gjennomsnitt pr. km.

Alle som bur langs offentleg veg skal ha krav på dagleg postombæring.

#### **Avrøysting:**

Noralv Distad og Olin Johanne Henden røysta for framlegget frå Høgre.

Åshild Kjelsnes, Karianne Torvanger, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen og Kristeleg Folkeparti sitt framlegg til tillegg i punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

#### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane går imot å innføre EU sitt tredje postdirektiv i norsk lov og går difor imot framlegget til ny postlov.
2. Ny postlov vil få store negative konsekvensar for posttenestene på Vestlandet og i Sogn og Fjordane. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fryktar at ny lova vil gjere det vanskelegare å behalde den næringslivs- og busettingsstrukturen vi har i dag.

#### a. LAURDAGSPOST

Det må vere ombering av post på laurdagar, slik at både lokalaviser og riksaviser kan kome fram til alle abonnentar.

Det må også sikrest ei ordning for sending av biologisk materiale frå legekontor til laboratorium. Det samme med medisin frå apotek til forbrukar. Om ikkje dette blir gjort, stenger ein i realiteten livsviktige tenester i distrikta frå torsdag til mandag.

#### b. "ENHETSPORTO"

Høyringsframlegget legg berre opp til lik porto i heile landet for enkeltsendingar under 50 gram. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane krev at enhetsporto også skal gjelde for masseutsendingar. Det vil vere viktig for både offentleg og privat verksemd. Bortfall av lik porto for masseutsendingar vil vere klart konkurransevidande til fordel for byane/sentrale strom, der det vil vere marknad for konkurranse.

Slik vi les høyringsuttalen er det heller ikkje lagt opp til å nekte konkurranse på enkeltsendingar under 50 gram, noko som i realiteten vil føre til at bestemt porto for denne tenesta vil fungere som ein makspris.

#### c. POSTOMBÆRING

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner det er feil å sette grensa for unntak for postombæring til tre faste heilårsbustader og/eller næringsverksemdar i gjennomsnitt pr. km.

Alle som bur langs offentleg veg skal ha krav på dagleg postombæring.

3. Dersom postlova likevel skulle bli vedteken, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gå inn for postombering 6 dagar i veka med ombering av aviser på laurdag (alternativ 1). Formidling av førehandsrøyster siste helg før lokal- og stortingsval må uansett sikrast dersom lova skulle bli vedteken.
4. Val av leveringspliktig tenesteytar må skje gjennom direkteutpeiking.

